

## **Styremøte 4/2023**

Til stades: Anne Sofie, Janne, Sigrid, Pål Arve, Anne Karin, Andre, Pål Arve, Siss-May

Fråver: Athina, Runar

### **Saker**

#### **17/2023 Sak frå Instedalen skianlegg as som gjeld endring av vedtekter, sjå vedlegg**

Styret støttar endringa i vedtektene.

#### **18/2023 Lager på Naustdal stadion**

Dei som har arbeidd med dette er Bjørn Hunderhagen, Jan M. Åsnes, Oddvar Hukset og Torgeir Herstad. Jan Magne har føreslått å engasjere fleire i arbeidet. Dette vert sak på neste møte med gruppene.

#### **19/2023 Open Naustdalshall**

Styret ynskjer å tilby open hall for ungdomsskuletrinnet. Vi startar opp etter haustferien annakvar fredag 18:00-19:30. Vi lyt etablere ei gruppe av vakne som kan vere tilstades og utføre aktivitetar saman med ungdommane. Vi kan også leige inn eksterne trenarar. Ulike aktivitetar kan vere basketball, volleyball, innebandy, badminton, fotball, dans/turn, handball, funksjonell trening. Vi tek kontakt med elevrådet for 8-10 trinn for å informere om dette. Det må informerast om på førehand kva aktivitetar som vert tilbydd. Siss-May har tinga hallen for gjeldande tidsrom frå haustferien og fram til jul.

#### **20/2023 Hallvakt**

Tambarskjelvar IL har forplikta seg til å stille med hallvakter i dei tidsromma det er tinga trening frå gruppene. Når vi stiller med vakt får vi rimelegare halleige.

Forslag om å opprette ei eiga Facebook-gruppe for dei som inngår i vaktordninga og trenarane slik at ein kan kommunisere direkte, t.d. om det ikkje vert trening ein kveld. Sigrid tek hand om dette. Det vert sendt ut vaktliste i desse dagar.

#### **21/2023 Lager i Naustdalshallen**

Det kome forslag frå Vektløftargruppa om bruk av lager i hallen til trening, jf. sak 16/2023. Styret kallar inn til eit møte med skulen og kommunen for å diskutere dette. Ev. trening i dette arealet må etter styret si vurdering ikkje vere av arten høgspuls grunna ventilasjon og ev. varmeutvikling på apparat som tredemølle/romaskin. Om ein skal etablere trening i lageret må samarbeidet med skulen vere av ein slik art at det kan nyttast av skulen i skuletida under overvaking.

#### **22/2023 Kommuneplan for Sanden**

Styret vil gi følgjande innspel:

Det er positivt at det vert etablert ein plan for området. Området er ein viktig samlingsstad, både for oss som bur i Naustdal og for tilreisande. Det er viktig at området vert vedlikehalde og vidareutvikla.

- stupebrygga må reparerast/oppgraderast
- trebrua ut til bananøya må kontrollerast. Det er viktig at ein kan køyre over denne, t.d. for å forenkle bosstøpping og vedlikehald elles, og for å frakte utstyr til Sunnfjord Triatlon sitt målområde
- mudring under trebrua er viktig for Sunnfjord Triatlon
- asfaltering ved båthamna. På varme dagar er det mykje støv og når det er vått oppstår det djupe holer
- området ved Best bør regulerast og asfalterast (ikkje ein del av denne kommuneplanen)
- reparasjon på utsida av moloen/etablering av trapp
- etablering av badstue, enten i kombinasjon med trapp på bananøya, eller ved båthamna

### **23/2023 Ny nettside for Tambarskjelvar**

Styret har henta inn tilbod for å fornye heimesida vår. Vi vil engasjere Vookal til denne jobben, ei lokal bedrift som kjenner Tambarskjelvar godt.

I samband med fornying er det viktig å få inn eit godt og oppdatert biletmateriale. Vi vil forsøke å engasjere lokale krefter til å ta bilete til føremålet. Vi oppmodar også gruppene om å ta eigna bilete til publisering. Merk at desse ikkje må vise andletet med mindre det er godkjent av den/dei det gjeld.

Det er viktig at heimesida vert levande og brukt, og det er difor viktig at gruppene engasjerer seg og legg ut nyhende oftare enn i dag.

### **Anna**

Skulen har hatt ryddeaksjon i sentrum. Dei har funnet ein del av den gamle pad'en frå kunstgrasbana liggande rundt omkring. Vi lyt vurdere å fjerne dette no.

Det vert kalla inn til **møte med gruppeleiarane 27.september kl 19:00**. Ber om at gruppene spelar inn tema de ynskjer å ta opp. Styret ynskjer å drøfte samkøying av treningstider i hallen, klubbkveld med Sport1, lager på Naustdal stadion. Andre saker kan kome til.

## Vedlegg

### **Protokoll frå ekstraordinært årsmøte (generalforsamling) i Instedalen skianlegg AS**

Ekstraordinært årsmøte (generalforsamling) er gjennomført med utveksling av e-post etter samtykke frå både aksjonærane; Tambarskjelvar Idrettslag (60%)v/Siss-May Edvardsen og Instedalen krins (40%)v/Magnus A. Sunde. Årsmøte (generalforsamlinga) er gjennomført med utsending av forslag på e-post frå styreleiar og svar på e-post frå aksjonærane. Kopi er sendt styremedlemmene.

### **Sak 1: Forslag om endring av § 7 i vedtektene**

§7 har i dag denne ordlyden: «Bruk av overskot. Utdeling av utbytte. Avvikling Eventuelt overskot skal brukast til å utvikle skianlegget. Det skal ikkje utbetalast utbytte frå selskapet.

Ved oppløysing/avvikling av selskapet skal eigedelane gå til Tambarskjelvar Idrettslag.» Selskapet har fått varsel om tvungen avregistrering frå Friviljugregisteret då det i §7 står at «Eventuelt overskot skal brukast til å utvikle skianlegget.» I varselet heiter det: «For eit aksjeselskap registrert i Frivilligregisteret er det ikkje tillate å bruke overskotet til eiga drift» Styreleiar foreslår at denne setningen vert strøken og har følgjande forslag til utforming av paragrafen:

Forslag til ny paragraf 7: Utdeling av utbytte. Avvikling

Det skal ikkje utbetalast utbytte frå selskapet.

Ved oppløysing/avvikling av selskapet skal eigedelane gå til Tambarskjelvar Idrettslag  
Vedtak: Ekstraordinært årsmøte (generalforsamling) i Instedalen skianlegg AS vedtek samrøystes forslaget til endring av §7 i vedtektene for selskapet. Ajourførte vedtekter ligg ved protokollen.

18.august 2023

Åsmund Berthelsen (styreleiar)

Vedlegg:

Kopi av e-postkorrespondanse og ajourførte vedtekter.

Protokollen er godkjent med svar på e-post frå dei to aksjonærane

Tambarskjelvar Idrettslag

v/ Siss-May Edvardsen (leiar)

Instedalen krins

v/Magnus A. Sunde (leiar)